



Reigstad bygg og eigedom AS
Osterfjordvegen 124
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/654 - 14/19892

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
03.09.2014

Bruksendring frå hytte til bustad - gbnr 188/14 - endra føresetnader for omsøkt tiltak.

Eg viser til samtale med ansvarleg søkjar om saka i dag. Byggesaksavdelinga vart i går gjort kjend med at oppmålingsarbeidet knytt til gitt løyve til arealoverføring mellom gbnr 188/307 og 188/14 ikkje vert gjennomført etter ønskje frå tiltakshavar. Omsøkte arealoverføring er ein føresetnad for omsøkte bruksendring frå hytte til bustad på gbnr 188/14. Dersom denne føresetnaden fell vekk må tiltaket endrast/supplerast.

Det kan ikkje gjevast løyve til bruksendring før det er dokumentert at gbnr 188/14 er sikra rett til bruk av arealet der veg, tilkomst og parkering er plassert. Å sikra denne retten gjennom arealoverføring er ei god løysing som vil sikra eigedomstilhøva for ettertida. Alternativt kan dette løysast ved at det vert inngått ein privat avtale der eigedomen er sikra bruksrett. Slik avtale må dokumenterast sjølv om eigedomane i dag har same eigar. Private avtalar av denne art bør alltid tinglysast.

Dersom ein vel å endra prosjektet slik at vegframføring og parkeringsareal får ny plassering eller at føresetnadane i søknaden slik han no ligg føre vert endra, må søknaden rettast opp. Her nemnast situasjonsplan, utnyttingsgrad, avstand til nabogrense, privatrettslege tilhøve mm.

Søknaden kan ikkje handsamast ferdig før vi får tilbakemelding i saka. Frist for tilbakemelding vert sett til 1. oktober.

Med helsing

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:



Kopi til:

Arne Reigstad

Osterfjordvegen 5914
166

ISDALSTØ